



Diverre var det svært få som hørde Rune Hauge og Kjersti Misje i Dønhaugkjedlaren laurdag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rune Hauge og Kjersti Misje baud som dei plar gjera på mykje vakker og kjenslevar musikk og song då dei vitja Dønhaugkjedlaren laurdag – for andre gongen på få månader. Diverre var det altfor få som hørde dei.**

Av ein eller annen grunn var det berre nokre få som kom.

Det var i romjula dei var her sist. Magne Huglen hadde engasjert dei pånytt fordi han syntes fleire enn sist burde få oppleva to fantastiske musikarar. Men initiativet var altså heller nyttelaust. Duoen, som kallar seg Millpond Moon, hadde som vanleg eit allsidig repertoar å by på – frå oldtime og bluegrass via Dylan til eigne låtar.

Rune og Kjersti, som har turnert mykje også i England og USA, har spela saman sidan i 1999 og for fem år sidan flytta dei frå Bergen til Tysnes. Dei gav ut sitt fyrste album i 2001.

No er det like før dei kjem med det neste og dei som var på Dønhaug denne gongen fekk høyra ein lovande smakebit frå det. Albumet inneheld mest låtmateriale som dei har laga sjølve og også dette har naturleg nok eit akustisk preg, Men dei nyttar ikkje berre gitar, også kontrabass, fele og mandolin er med. Og dei som ikkje var på Dønhaug får altså trøysta seg med denne nye samlinga av vakker musikk frå duoen.

Av Ola Matti Mathisen